

Skal sendast til fylkesmannen

Søknadsfristar

- 1. kvartal: 30. april
- 2. kvartal: 31. august
- 3. kvartal: 31. oktober
- 4. kvartal: 31. januar

1. Søknadsperiode					
<input type="checkbox"/> 1. kvartal	<input type="checkbox"/> 2. kvartal	<input type="checkbox"/> 3. kvartal	<input type="checkbox"/> 4. kvartal	Månad	År

2. Opplysningar om søker		
Namn på føretaket	Kontonummer	Org.nummer
Kontoradresse	Postnr.	Poststad
E-postadresse	Telefonnummer	

3. Summar frå «Oversikt over reiser i søknadsperioden»					
Reisetilskot - eige framkomstmiddel	3.1	km á kr	12,07	3.3	kr
Reisetilskot - leigd skyss/rutegående transportmiddel	3.2	minutt á kr	5,33	3.4	kr
Utllegg ifølgje vedlagt dokumentasjon				3.5	kr
Totalt frådragsbeløp i søknadsperioden				3.6	kr
Søknadsbeløp				3.7	kr

4. Underskrift	
Stad og dato	Underskrift

5. Til bruk for fylkesmannen	
Søknaden er kontrollert og godkjent for betaling.	
Stad og dato	Underskrift

Oversikt over reiser i søknadsperioden

Veterinær:					<input type="checkbox"/> 1. kvartal <input type="checkbox"/> 2. kvartal <input type="checkbox"/> 3. kvartal <input type="checkbox"/> 4. kvartal	Månad	År					
6. Vakt	7. Dato	8. Nr.	9. Start-tidspunkt	10. Frå	11. Til (namn og adresse på rekvirent)	12. Avreisetids-punkt frå rekvirent	13. Tur/retur	14. Dyreslag	15. Eige fram-komstmiddel (km)	16. Leigd skyss (minutt)	17. Utlegg ekskl. mva (kr)	18. Frådrag (kr)
<input type="checkbox"/>												
<input type="checkbox"/>												
<input type="checkbox"/>												
<input type="checkbox"/>												
<input type="checkbox"/>												
<input type="checkbox"/>												
<input type="checkbox"/>												
<input type="checkbox"/>												
<input type="checkbox"/>												
<input type="checkbox"/>												
<input type="checkbox"/>												
19. Sum												

Rettleiar til søknadsskjema for reisetilskot ved veterinærars sjuke- og inseminasjonsbesøk

Denne rettleiaren viser deg korleis du skal søkje om reisetilskot ved veterinærars sjuke- og inseminasjonsbesøk. På side 1 i søknadsskjemaet («*Søknad om reisetilskot ved veterinærars sjuke- og inseminasjonsbesøk*») skal du fylle ut informasjon om ditt veterinærføretak og summere opp alt rettkomme tilskot i søknadsperioden. Denne sida bør fyllast ut når alle reisene i søknadsperioden er gjennomført. På side 2 («*Oversikt over reiser i søknadsperioden*») skal du fylle ut informasjon om kvar enkelt reise du søker tilskot for. Denne sida bør fyllast ut undervegs i søknadsperioden. Dersom du ynskjer å søke om fleire reiser i søknadsperioden enn det det er plass til på arket, må du bruke fleire utgåver av «*Oversikt over reiser i søknadsperioden*».

Stegvis gjennomgang av skjemaet

1. Søknadsperiode

Oppgi perioden søknaden gjeld for (kvartal eller månad og årstal).

2. Grunnopplysningar

Her fyller du inn informasjon om veterinærføretaket.

3. Summar frå «Oversikt over reiser i søknadsperioden»

I desse felta skal du fylle inn det summerte tilskotsgrunnlaget for heile søknadsperioden. Nærare omtale av dei einskilde felta i søknadsskjemaet finn du nedanfor.

- 3.1 I dette feltet skal du fylle inn talet på kilometer du har køyrt med eige framkomstmiddel.
- 3.2 I dette feltet skal du fylle inn talet på minutt på reise med leigd skyss eller rutegående transportmiddel, inkludert nødvendig ventetid.
- 3.3 Her skal du fylle inn kor mykje talet på køyrde kilometer med eige framkomstmiddel tilsvarer i kroner. For å finne dette kronebeløpet må du multiplisere talet på køyrde kilometer med satsen per km. For 2019 er satsen 12,07 kroner per km.
- 3.4 I dette feltet skal du fylle inn kva for ein sum talet på reiste minutt med leigd skyss eller rutegående framkomstmiddel tilsvarer i kroner. For å finne dette kronebeløpet må du multiplisere talet på minutt på reise med satsen per minutt for reise med leigd skyss eller rutegående framkomstmiddel. Per no er satsen 5,33 kroner per minutt (320 kroner per time).
- 3.5 I dette feltet skal du fylle inn kor mykje du har lagt ut for i søknadsperioden. Disse utlegga skal som hovudregel dokumenterast med kvittering. Bompasingar må ikkje dokumenterast. Det blir ikkje gitt tilskot til å dekke meirverdiavgift på utlegg.
- 3.6 Her skal du føre det totale frådragsbeløpet i søknadsperioden. Du skal trekke frå eit beløp tilsvarande 40 km reise med eige framkomstmiddel per besøk det blir søkt tilskot for. Det totale frådragsbeløpet blir då talet på besøk det blir søkt tilskot for multiplisert med 482,80 kroner (40 km * 12,07 kr).
- 3.7 Søknadsbeløpet skal vere summen av utlegg og reisetilskot minus det totale frådragsbeløpet i søknadsperioden.

4. Underskrift

I dette feltet skal du kvittere på at opplysningane i søknaden er korrekte. Søknaden må daterast og underskrivast for å bli godkjent.

5. Til bruk for fylkesmannen

Dette feltet skal fyllast ut av fylkesmannen og skal innehalde fylkesmannen si godkjenning og underskrift.

6. Vakt

Du skal krysse av i dette feltet dersom reisa du søker om tilskot for er køyrt i den kommunale vakttenesta.

7. Dato

Her skal du fylle ut dato for reisa.

8. Nr.

Alle reiser skal førast med eit eget reisennummer. Utgangspunktet og endepunktet på ei reise er veterinærføretaket sin kontorstad. Ei reise vil kunne ha fleire besøk. Dersom du til dømes reiser frå veterinærkontoret og gjennomfører fleire sjuke- og inseminasjonsbesøk før du reiser tilbake til veterinærkontoret, er dette å betrakte som ei og same reise.

9. Starttidspunkt

Her skal du fylle ut starttidspunktet for reisa/besøket. Dersom du har eit besøk på ei reise, vil starttidspunktet alltid vere klokkeslettet for avreisa frå veterinærkontoret. Dersom du har fleire besøk på ei reise, vil det første starttidspunktet vere frå veterinærkontoret, medan dei andre starttidspunkta vil være tidspunktet du reiser frå eit gjennomført besøk til det neste besøket på reisa.

10./11. Frå - Til

I desse felta skal du fylle inn utgangspunktet (frå) og endepunktet (til) for den strekninga som skal gi grunnlag for tilskot.

For reiser føretekte utanfor vakt, er utgangspunktet namnet og adressa til det næraste veterinærføretaket. For reiser føretekte innanfor vakt, er utgangspunktet namnet og adressa til føretaket ditt, under føresetnad av at reisa starta her. Dersom reisa starta nærare rekvirent, vil utgangspunktet vere namnet til føretaket ditt samt adressa til staden der du starta reisa (midlertidig bustad).

For reiser der du søker om tilskot for eitt besøk, fører du kun opp den eine strekningen i søknadsskjema. Det betyr at endepunktet for slike reiser alltid vil vere rekvirenten sitt namn og adresse.

Dersom du har fleire besøk på same reise, må alle strekningene førast opp i søknadsskjema. Eksempelvis vil ei reise med to besøk måtte førast over tre rader i søknadsskjema, men med same reisennummer. For det første besøket vil endepunktet på strekningen vere namn og adresse til rekvirent nummer 1. For det andre besøket vil utgangspunktet vere namn og adresse til rekvirent nummer 1, medan endepunktet vil vere namn og adresse til rekvirent nummer 2. På strekningen tilbake til veterinærkontoret vil utgangspunktet vere namn og adresse til rekvirent nummer 2.

Rettleiar til søknadsskjema for reisetilskot ved veterinærars sjuke- og inseminasjonsbesøk

12. Avreisetidspunkt frå rekvirent

Her skal du fylle ut klokkeslettet du reiser frå rekvirent.

13. Tur/Retur

Her skal du krysse av dersom du berre har hatt eitt besøk på reisa. Dersom du kryssar av i dette feltet, er det ikkje nødvendig å spesifisere heimreisa.

14. Dyreslag

I dette feltet skal du skrive kva for dyreslag som vart handsama/inseminert.

15. Eige framkomstmiddel (km)

Dette feltet skal du fylle ut dersom du har brukt eige framkomstmiddel på strekninga. Eige framkomstmiddel er definert som bil, båt, scooter eller motorsykkel som veterinæren fører sjølv. Det er talet på køyrde kilometer som skal fyllast inn i dette feltet. Sjølv om du kryssar av for tur/retur, må du føra opp tal køyrde kilometer både på fram- og tilbaketuren.

16. Leigd skyss (minutt)

Dette feltet skal fylleast ut dersom du har brukt leigd skyss eller rutegående transport på den reisa du søker om tilskot for. Før opp talet på reiste minutt med kvart enkelt leigde eller rutegående framkomstmiddel på kvar si separate linje i søknadsskjemaet. Dersom det har vore nødvendig å vente på denne skyssen, skal denne ventetida inngå. Leigd skyss er i forskrifta definert som bil, båt, scooter eller motorsykkel som veterinæren ikkje fører sjølv, medan rutegående framkomstmiddel er definert som båt, tog eller buss som går i rute.

17. Utlegg (kr)

I dette feltet skal du føre opp eventuelle utlegg du har hatt på reisa. Utlegg skal førast opp i kroner, og må dokumenterast med kvittering som skal leggjast ved søknaden. Dersom du har utlegg til leigd skyssbåt, må dokumentasjonen innehalde informasjon om køyrde km med skyssbåten. Så langt det er mogleg, skal kvart enkelt utlegg førast opp på same linje i søknadsskjemaet som reiste kilometer eller minutt på reise med framkomstmiddelet utlegget knyter seg til.

18. Frådrag (kr)

For alle besøk du søker om tilskot for, skal du trekke frå eit beløp tilsvarende 40 km reise med eigen bil. Dette beløpet utgjer 482,80 kroner i 2019. Dersom du har reiser/besøk som utgjer mindre enn 482,80 kroner i tilskot, vil det ikkje «lønne» seg å søke om tilskot for desse reisene/besøka. Du skal ikkje føre opp frådrag på returreisa til kontoret.

19. Sum

I desse felta skal du summere opp talet på køyrde kilometer med eige framkomstmiddel, minutt på reise med leigd skyss/rutegående framkomstmiddel, kroneutlegg og frådrag. Totalsummane skal overførast til side 1 i søknadsskjemaet under punkt 3.

Eksempel

Veterinær Mads Madsen skal på to sykebesøk på formiddagen Først skal han køyre 45 km til saueprodusent Knut Knudsen. Deretter køyrer han til storfeprodusent Lars Larsen. Det er 30 km å køyre frå Knut Knudsen til Lars Larsen, og undervegs er det nødvendig å bruke ferje sidan Lars Larsen bur på ei øy som heiter Eksempeløya. Ferjebiljetten kostar 70 kroner ekskl. mva kvar vei, og overfarten tek 20 minutt. Madsen må i tillegg vente 10 minutt på ferja ved begge overfartene. Seinare på kvelden skal veterinær Mads Madsen vere ein del av den kommunale vaktordninga, og blir kalt ut på eit hasteoppdrag til storfeprodusent Lars Larsen. Også på denne reisa må Mads Madsen vente 10 minutt på ferja ved begge overfartene.

Reisa skal reknast og førast i søknadsskjema på følgjande måte:

6. Vakt	8. Nr	10. Frå	11. Til	13. Tur/retur	15. Eige framkomstmiddel (km)	16. Leigd skyss (min)	17. Utlegg ekskl. mva (kr)	18. Frådrag (kr)
	1	Mads Madsen, Veterinærveien 11, Fastlandet	Knut Knudsen, Knutsenlia 1, Fastlandet		45			482,80
	1	Knut Knudsen	Lars Larsen, Larsenkleivane 2, Eksempeløya		30	30	70	482,80
	1	Lars Larsen	Mads Madsen, Veterinærveien 11, Fastlandet		75	30	70	
x	2	Mads Madsen, Veterinærveien 11, Fastlandet	Lars Larsen, Larsenkleivane 2, Eksempeløya	x	150	60	140	482,80
19. Sum - overføres til pkt. 3 i søknadsskjema					300	120	280	1 448,40

Søknadsfristar og innsending av søknad

Søknadsfristen er den dagen du seinast kan sende søknadsskjema til fylkesmannen for den perioden det vert søkt tilskot for. Søknaden sender du til fylkesmannen i det fylket din faste kontorstad ligg.